

Kyrhovden velforening
v/ Astrid H. Vikenes
Kyrhovden 24
5936 Manger

Radøy kommune
Teknisk avdeling
Radøyvegen 1690
5936 Manger

15.05.13.

Søknad om fartsdumper

Det er framleis eit problem med stor trafikk på vegen til Kyrhovden. Dette gjeld foreldre som leverer/henter born på skulen, lærarar som parkerer på denne sida av skulen og born som går til/frå skulen. Kyrhovden velforening har mange gonger tatt dette opp med kommunen utan at problemet er redusert. Vegen er offentleg og kan nyttast av alle, men med mange born som går her, ser me at det lett kan skje ulykker når dei går i vegen der biler kjører/rygger.

Me har tidlegare fått avslag på søknad om fartsdumper . Då var argumentet at det vart vanskeleg med brøyting om vinteren. Me ser no at det har kome fartsdumper fleire plasser, både på andre sida av skulen og i byggefelt på Manger, så dette kan vel ikkje vera eit problem lenger.

Me ønskjer å gjera det me kan for å hindra at det skal skje ulykker her hjå oss, og då er dette eit tiltak som me håper kan hjelpa.

Me søker om ein fartsdump på toppen av bakken opp til feltet, forbi avkjørselen til Skutle, og helst ein lenger inne, mellom Bendiksen og Sylta. Nøyaktig plassering må ein verta einige om viss det vert aktuelt.

Minner og på at kommunen i brev datert 10.02.12 skulle retta opp lysmasta som er skeiv. Dette har ikkje skjedd.

Ved postkasse-huset innerst i feltet er det eit hol i asfalten som skulle vore reparert, håper dette kan gjerast samtidig som de har asfaltering andre stader.

Mvh Astrid H. Vikenes

Leiar Kyrhovden velforening

Kyrhovden velforening
v/ Tor Skutle
Kyrhovden 18
5936 Manger

Radøy kommune
Teknisk avdeling
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Manger 20.08.2013

Søknad om fartsdumpar – etterlysing av tilbakemelding

Kyrhovden velforening sende 15.05 dette år søknad til kommunen om dette.

Eg viser i denne samanheng til vårt brev av denne dato.

Der har me også ein kommentar til Radøy kommune sitt brev til oss av 10.02.2012 der kommunen lover å retta opp ei skeiv lysmast like bak Manger skule i byggefeltet.

Velforeninga vil difor håpa at Radøy kommune kan ta takk i begge sakene og gje oss ei snarleg tilbakemelding.

Mvh Tor Skutle

Leiar Kyrhovden velforening

Kyrhovden velforening
v/ Tor Skutle
Kyrhovden 18
5936 Manger

Radøy kommune
Teknisk avdeling
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Manger 20.08.2013

MANGER SKULE – VIDARE UTBYGGING – INFO OM PLANAR

Kyrhovden velforening vil få lov til å gratulera Radøy kommune og Manger med ei storstilt oppgradering av Manger skule.

Dette var vel fortjent både for elevar, lærarar, foreldre og bygda og dermed heile kommunen.

Me er også kjent med at der ligg føre tankar (kanskje også planar) om vidare utbygging av skulen gjennom riving av gymsal og bygging av ny gymsal.

Korvidt dette er vedteke i kommunen, veit me ikkje, men me er svært interesserte i å verta orienterte, når kommunen kjem så lang at det er naturleg å informera naboar.

Velforeninga fungerer fint hjå oss, og det er eit forum der det er naturleg å ta opp og diskutera ei slik endring i vårt nærmiljø og eventuelt koma med tilbakemeldingar til utbyggjar.

Difor vonar me Radøy kommune vil føra velforeninga opp på lista over interessentar til denne utbygginga.

Mvh Tor Skutle tor.skutle@nettstar.as

Leiar Kyrhovden velforening